



Like etter start i konkurranseklassen for 2 år sidan.

Solfjellsløpet vert som tidlegare omtala, arrangert førstkommande mandag, 2. pinsedag. Også i år vert det Mini Solfjellsløp for barn i alle aldrar. Det startar på Storhaug, om lag midt i den ordinære løypa, kl.12.00. Dei som startar i den ordinære konkurranseklassen må som kjent vere over 12 år.

Starten for dei som deltar i det vanlege Solfjellløpet er på Haugland. Konkurranseklassen startar kl.12, medan trimklassen, som sjølvstøtt er for alle aldersgrupper, startar mellom kl. 10 og 12. For dei som deltar i trimklassen er det og postar med quiz undervegs til toppen av Solfjell.

Både yr.no og storm.no kjem med vermeldingar som lovar det beste for at Solfjellsløpet vert ei flott oppleving for alle som deltar.

Påmelding kan gjerast via www.uskedalil.no innan 8.06., eller løpsdagen.

Ellers har idrettslaget søkt kommunen om å få nytta traktor/ATV for å køyra vatn og anna utstyr til endes på skogsvegen som endar på Storhaug. Bruken av skogsvegen er godkjent av grunneigarar.

Foto: Ola Matti Mathisen

Tekst og nett: Thor Inge Døssland og Ola Matti Mathisen